



Hans Gustav Mussland, Kristian Bringedal og Reidar Myklebust er klar til å dra i gang sommarens første Allsong i Sjøkanten.

**Allsong i Sjøkanten-programma med Reidar Myklebust, Hans Gustav Mussland og Kristian Bringedal har vore svært populære dei siste somrane. Derfor er det ekstra kjekt at denne stemningsskapande allsongen skal ljoma også denne sommaren. Laurdag førstkommande, 25. juni, er det klart for første allsong-ettermiddag på Oska på Sandakaien.**

Dei tre trubadurane har alt vore samla og bestemt repertoaret. Denne gongen vil programmet mellom anna innhalda songar av Evert Taube, Johannes Kleppevik og Sverre Kjelsberg som døydde sist laurdag. Innimellom songar frå desse kjende komponistane og visekunstnarane vert det også presentert lokalskrivne songar. Dersom nokre skulle ha personlege ønskje, kan dei berre snu seg rundt og senda forslag til [kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no) så vert dei kanskje brukt denne eller neste gong.

Det vert også tid til å kosa seg med noko godt innimellom songen. Roy Lervåg og SmakifråOska byr på kake og kaffi på inngangsbilletten som er sett til 100 kr. Under sjølve allsongøkta vil det ikkje vera anna servering, men for dei som vil stoppa att etterpå, vert det servering med vanleg laurdagsmeny. Då kan ein få både middag og smårettar, og ein kan velja mellom både søtt og salt. Dermed kan dei som vil, få ei ekstra koseleg avrunding på allsongøkta.

Det har vore svært godt oppmøte på dei tidlegare **Allsong i Sjøkanten**, og stemningen har vore svært god. I hovudsak er det uskedalingar som har møtt opp, men dette er så kjekt at det er vel verd ein tur frå dei andre bygdene i kommunen og.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen